



Søk etter innhold

## Møtebok frå læringsmiljøutvalet 23. april 2019

### Referat

**Møtestad:** Dataverkstaden, Kjølv egelands hus

**Tid:** 23.04.2019 kl. 13:30 – 16:00

Fylgjande faste medlemmer møtte:

- Børli, Joachim
- Husebø, Dag
- Lund, Anne Marie
- Rangnes, Brita Strand, sak 13 - 20 + 24
- Ryen, Jakob
- Sønvinsen, Cathrine Johanne
- Waage, Lene Borgen (på video)

Fylgjande medlemmer hadde meldt forfall:

- Davidian, Marina
- Littlehamar, Lone

Fylgjande varamedlemer møtte:

- Hoibø, Karoline Holmboe
- Midttun, Nils Arne

Fylgande observatør med talerett møtte:

- Huseby, Roar
- Kolstrup, Gitte

Frå administrasjonen møtte:

- Gard, Eilef J.
- Hagen, Veslemøy

Møtet vart leia av Cathrine Johanne Sønvinsen.

### LU 13/19 Innkalling, møtebok og eventuelt

Vedtak: Innkalling til møte i LU 23. april 2019 er godkjend.

Møtebok frå LU-møtet 12. februar 2019 var ikkje publisert og blir lagt fram i maimøtet.

Prodekan for utdanning ved Fakultet for utdanningsvitenskap og humaniora melde ei eventueltsak.

Direktør for bygg- og arealforvaltning ynskte å orientera om campusutvikling.

### LU 14/19 Strategisk tema: Radikalisering og valdeleg rasisme

Even Heien innleia i saka.

Carina Marie Enge Andersen presenterte nyare forsking om risiko for valdeleg terror i Norge og om førebyggjing av radikalisering og valdeleg ekstremisme.

Sindre Bø, frå Råd for samfunnssikkerhet og beredskap i kunnskapssektoren orienterte om tiltak for UH-sektoren for førebyggjande arbeid mot radikalisering og valdeleg ekstremisme.

Utalet diskuterte korleis Si i fra kan nyttast til å fanga opp uromeldingar om ekstremisme. Det må vera kort veg frå melding kjem til at politiet vert varsle.

Frå samtalen:

- Det er opp til den enkelte institusjonen å laga sitt eige system for førebyggjing.
- Det er veldig godt at dette kjem på dagsorden, og det er viktig også fordi det ligg ein gevinst i å trena opp dei som skal ut i samfunnet til å fanga opp ekstreme haldningar.
- Universitet og høgskular er relativt høgt vurderte som mål for ekstreme handlingar.
- Takk for gode innlegg og for arbeidet som vert gjort for beredskap. Korleis kan LU vera ein del av beredskapsapparatet ved UiS?
- Dette handlar om å kjenna seg ivaretaken. Me må syta for at klassromma er rom for å verta sett og hørt. Må skapa felles rom for læring.
- Det private aspektet er kjernen i dette. Beredskapsressurssane må finna kvarandre.
- Si i fra er flytta fram på nettsidene slik at der er veldig låg terskel for å meldia.
- Me har for lite informasjon om kva som skjer. Har me ikkje informasjon set me ikkje i gong førebyggjande tiltak.

Vedtak: Utvalet takkar for orienteringa.

#### LU 15/19 Samansetjing av utvalet

Utdanningsdirektøren orienterte. Endring i leiarmodell for universitetet medfører trong for å endra samansetjing i læringsmiljøutvalet.

Vedtak: Læringsmiljøutvalget ber styret fastsetja at prorektor si rolle i læringsmiljøutvalet med verknad frå 01.08.2019 skal vera ivaretaken av universitetet sin prorektor for utdanning.

#### LU 16/19 Arbeidsprosesser i utvalget

Utvaleder innledet kort i saken.

Utdanningsdirektøren la til at en ønsker at studentmedlemmene i utvalget skal få tilgang til å skrive og legge inn saker i Public 360.

Utvalget diskuterte kort hvordan ordningen vil fungere for medlemmer som er med i utvalget bare ett år. Utdanningsdirektøren svarte at det er laget en enkel ordning for dette. Det kan være en prøveordning som kan evalueres.

Vedtak: Læringsmiljøutvalget er vel tilfreds med bruken av digitale verktøy for saksutarbeidelse og arbeidsflyt for utvalgets saker, men utvalget er lite tilfreds med at bare noen av utvalgets medlemmer gis tilgang til disse digitale verktøyene. Utvalget ber om at arbeidet med å gi alle utvalgsmedlemmene tilgang til de digitale verktøy for saksutarbeidelse og arbeidsflyt intensiveres. Dersom dette arbeidet trekker ut, slik at det blir fare for at lik tilgang til digitale verktøy ikke kan gis alle utvalgsmedlemmer fra høstsemesteret av, ber utvalget om at det som en midlertidig løsning utarbeides automatiske arbeidsflyter for at arbeidsstegene som inngår i utarbeidelse, gjennomgang og godkjenning av saker kan gjennomføres ved hjelp av automatisert epost, slik det i dag gjøres for mottak av epostsaker.

#### LU 17/19 Førebyggjande samhandling

Saka vart flytta fram til etter sak 14/19.

Utdanningsdirektøren innleia kort.

Brita Strand Rangnes sitt innspel til eventuelt om rus i undervisinga vart trekt inn i denne saka.

Utdanningsdirektøren ynskte at problemstillingar knytt til rus skal inn i etiske retninglinjer for studentar.

Prorektor støtta at det vert sett ned ei arbeidsgruppe som kan arbeida med førebyggjing. Gruppa kan rapportera til læringsmiljøutvalet.

Eksternt medlem rådde til å gi eit tidsbegrensa og spissa mandat i første omgang.

Sikkerhetsrådgjevar ved UiS la til at det handlar om å knytta saman informasjon frå ulike kanalar og utval strukturelt. Arbeidsmiljøutvalet og læringsmiljøutvalet diskuterar ofte dei same sakene.

Utdanningsdirektøren legg fram sak i løpet av høsten 2019.

Vedtak: Læringsmiljøutvalet ber universitetsdirektøren om å oppretta ei arbeidsgruppe for førebyggjande samhandling, med mandat og oppgåver som gitt i saka.

#### LU 18/19 Straum i auditorier og førelesingssalar

Utvalediar orienterte.

Direktør for bygg og arealforvaltning la til at dei er litt ueinige med Statsbygg om kva bygg som skal prioriterast. Dersom me har sterke behov, kan det verta nødvendig at UiS må betala for det. Det vil vera ei hjelp dersom behovet vart kartlagt.

Utvalet diskuterte korleis behovet best kan kartleggjast.

Vedtak: Læringsmiljøutvalget deler studentparlamentets syn på viktigheten av stikkontakter for det fysiske studie- og læringsmiljøet, og ber utdanningsdirektøren og prorektor bidra til at disse forholdene følges opp i universitetets pågående campusplanarbeid.

#### LU 19/19 Oppfylgjing av Studiebarometeret 2018

Utdanningsdirektøren innleia i saka.

Utdanningsdirektøren orienterte. Undersøkjinga vert teken på alvor i fakulteta og har fått innverknad på fakulteta sitt arbeid.

Ein av studentrepresentantane merka at der er veldig god svarprosent, og la til at det gjerne kunne vore framheva kva t.d. tre tiltak det vil verta arbeidd serleg med, og ikkje berre ei samla oversikt. Også dei problematiske resultata frå Studiebarometeret burde vore nemnde i saka til utvalet.

Prorektor svara at det vert arbeidd med serlege saker ved fakulteta. Dette kan gjerne koma fram i saker på institusjonelt nivået også, på same måte som dei positive funna også kan trekkjast fram.

Diskusjonen i møtet dreidde seg om i kor stor grad detaljerte resultat frå Studiebarometeret skal diskuterast på institusjonelt nivå. Resultat frå Studiebarometeret har vore lagde fram i møte med fakultetsdirektørane og i rektormøtet.

Prodekan for utdanning ved Fakultet for utdanningsvitenskap og humaniora la til at det er veldig fint å få denne erfaringsdelinga. Studiebarometeret vert brukt aktivt og resultata vert fylgde opp i handlingsplanane.

Prorektor har merka seg at haldninga i fakulteta er forventning til resultata, fordi dei vert brukte i det vidare arbeidet med studiekvalitet. Me er interesserte i å sjå om det me gjer får resultat.

Bibliotekdirektøren spørsmåla knytt til biblioteket er for unyanseerte.

Vedtak: Læringsmiljøutvalet tek saka til orientering.

#### LU 20/19 Forsinka sensur, kontinuasjonseksemansen hausten 2018

Utdanningsdirektøren innleia og berømma at sensur skjer innan fristane.

Utdanningsdirektøren la til resultatet med det arbeidet som har vorte gjort ved UiS er betre enn for dei institusjonane som har innført eit botssystem.

Prodekan for utdanning ved Fakultet for utdanningsvitenskap og humaniora berømma dei saksansvarlege ved fakulteta som arbeidar med eksamen. Dei gjer ein svært stor jobb.

Vedtak: Læringsmiljøutvalet tek saka til orientering.

#### LU 21/19 StOr orienterer

Utdanningsdirektøren og andre studentrepresentantar orienterte om saker som StOr arbeider med.

Det er sendt ut utlysingar til ulike studentverv. Valmøte er 15. mai. Det vert sendt ut informasjon.

Orientering om Ugå 2019.

Begeistringsprisen gjekk til pedagogstudentane ved UiS.

Miljøarbeidet ved UiS. Heile universitetet er sertifisert som miljøfyrtårn.

Vedtak: Læringsmiljøutvalet tek saka til orientering.

#### LU 22/19 Studentombudet orienterer

Saka gjekk ut.

## LU 23/19 Utdanningsdirektøren orienterer

Utdanningsdirektøren rapporterte om følgjande saker:

- Kvalitetssystemet. Det kom mange innspel i høyringa. Saka vert lagt fram i neste møte.
- Rapport om internasjonalt senter.
- Samarbeid med Olympiatoppen. Ny avtale er signert.
- Læringsfestivalen 2019.
- Møtebøker frå utdanningsutvalet og arbeidsmiljøutvalet.

Vedtak: Læringsmiljøutvalet tek saka til orientering.

## LU 24/19 Eventuelt

- a) Prodekan for utdanning ved Fakultet for utdanningsvitenskap og humaniora hadde meldt sak om skriftlege retningslinjer for rus under godkjenninga av saklista. Ho meinte det er trøng for slike retningslinjer.
  - Etter ein kort samtale konkluderte utdanningsdirektøren med at ho vil utgreia saka, men treng tid til det.
- b) Direktør for bygg- og arealforvaltning hadde meldt inn sak om campusutvikling ved UiS. Der skal vera fokus på brei involvering. Han spurde om utvalet ynskjer å gje innspel i ei høyring.
  - Utvalsleiar støttet det og meinte det er høgst relevant.
  - Utdanningsdirektøren legg fram sak i neste møte.
- c) Prorektor orienterte om eit ECIU-seminar i Aveiro, som skal handla om studentvelferd. Det skal lagast eit policydokument som skal presenterast for EU i 2020. Han spurde om kva me kan syna fram som best practice frå UiS og inviterte utvalet til å gje innspel.
- d) Bibliotekdirektøren orienterte om dataverkstaden, der møtet vart helde.

*Møteboka er godkjend av læringsmiljøutvalet 21. mai 2019.*

---

Sist oppdatert 27.01.2020